

Årsmelding 2016 – Ørsta IL friidrett

Styret

Leiar: Olve Øyehaug

Økonomi: Trine Skjeret

Styremedlem: Lisbeth Hovden Nilsen

Styremedlem: Espen Rekkedal

Styremedlem: Andre Eiksund

Sportsleg utval

Sportsleg leiar: Svein-Egil Johannessen

Trenarar: 13+ år: Svein-Egil Johannessen, Erik Drange Tønnessen, Kari Lundestad Myrold,

Trine Skjeret, Hannah Marie Skjeret. **10-12 år:** Trine Skjeret, Olve Øyehaug, Svein Egil

Johannessen. Vinteren 16/17: Anne Maryan Eriksen, Lene Mari Våge Myklebust, Morten Kjølvik.

Rekruttar - Olve Øyehaug, Karen Aarflot og Espen Rekkedal

Oppmann: Olve Øyehaug

Utøvarar 13+ har hatt oppfølging av kretstrenarar.

Skulekontakt – Einar Myrold og Gunnar Festøy

Allidrettsgruppa: Olve Øyehaug

Informasjonsmedarbeidar/pressekontakt

Hjørdis Almelid Vikenes og Olve Øyehaug

Økonomiutval

Trine Sørheim Skjeret og Olve Øyehaug

Sponsoransvarleg

Olve Øyehaug

Stemneutval

Stemne i regi av Ørsta IL friidrett: Trine Skjeret, Olve Øyehaug, Svein-Johannessen, Karen Aarflot Saudehornet rett opp: Olve Øyehaug i samarbeid med andre grupper

Styremøte og foreldremøte

Det er halde tre styremøte og to foreldremøte i året som har gått.

Representasjon administrativt

ØIL hovudstyre – Olve Øyehaug

Koordinatorar av anleggsgruppe: Andre Eiksund og Olve Øyehaug

Kretsstyret Møre og Romsdal friidrett – Elin Opdal (styreleiar fram til årsmøtet 2016)

Representasjon sportsleg - større stemne

UM innandørs Steinkjer: Maria Sætre (J15) høgde (5. plass). Hannah Marie Skjeret (J20-22): 200 m (6. plass) og 60 m (7. plass), Åse Øyehaug (J15) 60 m hekk (10. plass) og lengde (10. plass), Sigrid Vartdal (J15) 200 m (17. plass).

NM innandørs, Bærum: 60 m og 200 m: Hannah Marie Skjeret

Bamseleikane: Elias Hovden Nilsen (G15) kule (bronse), Åse Øyehaug (J15) lengde (bronse).

Andre deltakarar: Sigrid Vartdal, Camilla Brekke Leikanger, Guro Øyehaug, Linus Raisio, Elise Aarflot, Mari Øyehaug, Ingrid Vassli Hansen og Thea Nilsen.

Framo-leikane: Anna Hjellen Haugland (J14): Spyd (gull), slegge (gull), kule (gull). Andrine

Hjellen Haugland (J17) Spyd (gull). Åse Øyehaug: Tresteg (bronse), 300 m hekk (bronse). Mari Øyehaug (J10) var og med på stemnet.

Tyrvingleikane: Elias Hovden Nilsen (G15): Spyd (bronse). Hannah Marie Skjeret deltok i

seniorklassen.

Veidekkeleikane: Elias Hovden Nilsen (G15): Spyd (bronse). Sigrid Vartdal (J15) 200 m (6. plass), 100 m (9. plass). Andre deltakarar: Hannah Marie Skjeret, Åse Øyehaug, Maria Sætre, Håvard Sætre, Sarah Moussa, Theas Nilsen, Mari Øyehaug, Nora Vartdal.

Junior-NM Brandbu: Andrine Hjellen Haugland: Spyd (4. plass)

KM Molde: 7 kretsmeistrar, fem sølv og fem bronse. Deltakarane var Andrine Hjellen Haugland, Elias Hovden Nilsen, Åse Øyehaug, Sigrid Vartdal, Anna Hjellen Haugland, Marie Steinnes og Thea Nilsen. Alle tok medaljar.

Ungdomsleikane-leikane i Stjørdal (Møre og Romsdal vann): Anna Hjellen Haugland (J14) Spyd (gull), kule (sølv), Luke Davidsen (G14) slegge (sølv), lengde (bronse) og 60 m (4. plass). Hanna Hoggen Gjærset deltok i 60 m, 200 m og 600 m.

UM utandørs Sandnes: Andrine Hjellen Haugland (J17) Spyd (sølv), Elias Hovden Nilsen (G15) Spyd (bronse), diskos (5. plass) og kule. Åse Øyehaug: 300 m hekk (9. plass), tresteg (9. plass), 80 m hekk, Sigrid Vartdal 100 m.

Økonomi

Friidrettsgruppa i Ørsta har ein sunn økonomi. Eigenkapitalen er solid og drifta gjekk med lite underskot i 2016. Førebels ser det ut til at det vert eit negativt resultatet på kr 13 000,-.

Inntekter frå eigne arrangement og stønad frå lokalt næringsliv gjer at drifta går bra. Gjennom aktivt sponsorarbeid har gruppa god sponsorstøtte. Vi vil spesielt takke hovudsponsoren vår Sparebank 1 Søre Sunnmøre. Andre sponsorar er: Vartdal Plast, Tussa, Optimal Helseklinikk, Toyota Sunnmøre, Furene og Sport 1 Ørsta.

Utmerkingar

Kari Lundestad Myrold vart tildelt diplom frå Norges Friidrettsforbund, for administrativ innsats. Ho vart og æresmedlem i Ørsta IL.

Sportslege aktivitetar

Friidrettsgruppa har arrangert følgjande stemne i 2016:

Innandørs treningsstemne – 2 stk

Rekrutteringscupar – 6 stk (tre av dei innbakt i Ørstastafetten, Sparebank1-leikane og Ørstaleikane)

Ørstastafetten (29 lag og 116 påmelde)

TINEstafetten (50 påmelde lag)

Sparebank 1 leikane (150 påmelde)

Saudehornet rett opp (tidtaking og koordinering av konkurranseløpet)

Ørstaleikane (stor deltaking:182 påmelde)

Idrettsleikar (friidrettsskule, ikkje stemne – 60 deltakarar og 12 trenarar)

Lagserien og krinsserien 2016

I lagserien 3. div. kvinner vart Ørsta IL sine kvinner nr. 19 av 140 lag (opp frå nr. 24 i 2015).

Poengsummen vart 10 727, som er 585 poeng betre enn i 2015. Våre herrar i 3. div. har dei siste åra vore utan plassering i Lagserien. I år susa dei inn på lista igjen og vart nr. 111 med poengsummen 6251 (I 2015 var summer 4726).

Krinsserien for 2016 for jenter og gutar 10-19 år er ikkje offisiell i skrivande stund. Eigne uoffisielle tal seier at vi fekk 18 242 Tyrvingpoeng i årets serie. (18 520 poeng i 2015). Vi endear truleg på 3. eller 4. plass.

Rekordar

Klubben fekk 27 resultat fordelt på 10 utøvarar blant dei 10 beste i aldersbestemte klasser på

landsbasis: Andrine Hjellen Haugland, Anna Hjellen Haugland, Elias Hovden Nilsen, Hanna Hoggen Gjærset, Hannah Marie Skjeret, Jakob Rudi Nordang, Luke Davidsen, Maria Sætre, Sigrid Vartdal og Åse Øyehaug.

Klubben fekk 111 resultat blant det tre beste i aldersbestemte klasser på krets nivå. Dei som fekk desse resultatane var: Amalie Tomasgaard, Andrine Hjellen Haugland, Andrine Hjellen Haugland, Anna Hjellen Haugland, Camilla Brekke Leikanger, Elias Hovden Nilsen, Erik Drange Tønnessen, Guro Øyehaug, Hanna Hoggen Gjærset, Hannah Marie Skjeret, Jakob Rudi Nordang, Johannes Eiksund, Luke Suarez Davidsen, Maria Sætre, Nora Ariel M. Meland, Sander Eikenes, Sigrid Vartdal og Åse Øyehaug.

Banerekordar: Andrine Hjellen Haugland sette banerekord med 39,52 meter i spyd.

Klubbekordar senior: 6 nye rekordar sett av Andrine Hjellen Haugland, Maria Sætre, Åse Øyehaug og Elias Hovden Nilsen.

Klubbekordar junior: 7 nye rekordar sett av Andrine Hjellen Haugland, Maria Sætre, Åse Øyehaug og Elias Hovden Nilsen.

Det vart sett sju nye klubbekordar i aldersbestemte klassar av: Amalie Myhre-Steinnes, Andrine Hjellen Haugland, Anna Hjellen Haugland, Elias Hovden Nilsen, Filip Hoggen, Hanna Hoggen Gjærset, Jakob Rudi Nordang, Maria Sætre, Marie Saanum, Marie Steinnes og Åse Øyehaug.

Over 900-poeng

Seks utøvarar frå Ørsta oppnådde til saman 21 resultat over 900 poeng etter Tyrving-tabellen i 2016: Desse var: Andrine Hjellen Haugland, Elias Hovden Nilsen, Maria Sætre, Marie Steinnes, Sigrid Vartdal og Thea Nilsen.

Andrine Hjellen Haugland oppnådde to resultat over 1000 poeng etter Tyrving-tabellen i 2016.

Trenarutdanning

Idar Auflem Øye tok Barneidrett-kurs i november. Olve Øyehaug tok Trenar1-kurs i oktober/november.

Klubb utvikling

Norsk Friidrett med Henrik Castens i samarbeid med Ørsta IL friidrett arrangerte klubb utvikling i 2015/16. Første runde var på hausten i 2015, andre runde var på våren 2016. På hausten sette klubben opp mål, og plan for gjennomføring av måla. Måla som vart sett opp og gjennomførte var:

- Fokus på miljø og sosiale tiltak
- Individuelt tilpassa tilbod for 13 år og eldre
- Utdanne fleir trenarar
- Definere arbeidsoppgåver slik at det blir lettare for foreldre å ta på seg oppgåver i klubben.

På våren var det oppfølgingsmøte med hovudfokus på sportslege mål: Ein sette opp mål at vi skulle ha 3-4 deltakarar på Ungdomsleikane og 5-6 deltakarar på UM dei komande åra. Og at målet for klubben er å gi barn og unge i alderen opp til 19 år eit godt friidrettstilbod.

Kommentar frå leiar

Friidrettsgruppa har hatt godt framme på treningane i 2016. Det var som oftast rundt 50-70 utøvarar på stadion på tysdagstreningane, enkelte gongar var ein over 70. Rekruttgruppa er størst. Det var stort sett 30-50 rekruttar på kvar av treningane. Det var litt nedgang i 10-12

årsgruppa frå 2015, og det var rundt 20 aktive i gruppa i 2016. I alderen 13 år og eldre var det positiv vekst gjennom året, med 10-15 faste på kvar trening. Det er stadig fleire utøvarar frå Volda som er med i klubben.

Friidrettsgruppa har i 2016 hatt stor aktivitet. Vi har arrangert 10 stemne og ein friidrettsskule. Tal på stemne var i nokre år for høgt for den vesle arrangørstaben i klubben. Som i 2014 og 2015 vart derfor tre av dei seks rekrutteringscupane integrerte i dei større stemna for å redusere tal på arrangement. Gruppa tok ansvar for tidtakinga i Saudehornet rett opp 2016. Det har vore god deltaking frå klubben på treningsamlingar i regi av kretsen.

Svein-Egil Johannessen vart sportsleg leiar i august. Dette vart raskt eit løft for utvikling og oppfølging av det sportslege i klubben.

Det har vore god dekning i Møre Nytt og Møre av eigne stemne og deltaking på stemne andre stader. Klubben har vore aktiv på eiga nettside og på Facebook, og har nådd ut til mange lesarar. Spesielt har Svein-Egil Johannessen utmerka seg med omfattande og raske oppdateringar av resultat og statistikk på medlemsgruppa på Facebook. Positivt er et at Møre Nytt no på eige initiativ hentar nyhende frå nettsida vår.

Planane for den nye fleirbrukshallen i Ørsta er under utarbeiding. Planen er å få byggestart i 2017. Det ligg no an til at det vert ei 60 metersbane med 4 løpebaner og om lag 15 meter retardasjonsfelt. Det vert og ei lengdehoppgrøp i enden av løpebana.

På dugnadar har det vore godt framme. Tartandekket vart spylt med brannslange ein gong i 2016- Det vart hatt på soppdrepar på tartandekket på hausten. Det var ikkje behov for djupreinsing av tartandekket i 2016. Det vart kjøpt inn nye klubbkle på våren.

Det viktigaste for Ørsta IL friidrett er å gje borna eit godt friidrettstilbod. Dette har vi lukkast med. Svært mange born deltek på treningane, og 157 har representert Ørsta på stemne, rett nok var dei fleste av desse på rekrutteringscupane. Dette er omlag like høgt som det var vore sidan 2012, og då var det er ein stor auke frå tidlegare år, noko som stadfestar at friidrettsgruppa lukkast med arbeidet. På gateløpet var det heile 99 utøvarar frå Ørsta IL.

Friidrettsgruppa i Ørsta er godt nøgd med året 2016, og som leiar av gruppa vil eg takke alle for vel utført arbeid.

Olve Øyehaug, 18. januar 2017